

# Årsmelding 2020


Voss DPS NKS Bjørkeli



# Voss DPS NKS Bjørkeli

Voss DPS NKS Bjørkeli A/S (Voss DPS) gjev tilbod om utgreiing og behandling av personar over 18 år med psykiske lidinger. Opptaksområdet vårt i 2020 var kommunane Voss, Vaksdal, Kvam, Ulvik og Eidfjord. Til saman utgjer dette ca 24.000 vaksne, fordelt på eit geografisk areal på 5,500 km<sup>2</sup>.

Organisasjonskartet såg slik ut i 2020:



Styret i Voss DPS er leia av styreleiar *Ragnhild Skjerveggan*. Direktør ved senteret er *Frédéric Larsen*. Voss DPS har driftsavtale med Helse Vest RHF. Voss DPS er eigd av N.K.S. Vestland-Sør.

Gruppepoliklinikken vart i 2020 innlemma i allmennpsykiatrisk poliklinikk. Fysioterapeutane og musikkterapeut er omorganiserte frå tidligare avdeling «På Tvers» til høvesvis Støtte og Rehabiliterings-poliklinikken.

## Aktivitet 2019

|                         | Tilvisingar | Konsultasjoner/<br>Utskrivingar | Snitt liggetid<br>(dagar) |
|-------------------------|-------------|---------------------------------|---------------------------|
| <b>Poliklinikkanne</b>  | –           | <b>9562</b>                     | –                         |
| <b>Døgn (12 senger)</b> | –           | <b>153</b>                      | <b>19</b>                 |
| <b>Sum</b>              | <b>550</b>  | –                               | –                         |

På grunn av pandemien såg vi ein nedgang i antall tilvisingar vår og sommer 2020, samanlikna med tidlegare år. Det tok seg opp att etter sommeren, som vidare førte til auke i aktivitet på døgnavdelinga. På poliklinikken opprettheldt me god aktivitet også gjennom «nedstenginga» av landet ved hjelp av video- og telefonkonsultasjonar.

## Brukarsstyrt plass

Voss DPS har tilbod om brukarsstyrt plass der pasientane sjølve kan ta kontakt for ei kortvarig innlegging utan tilvising frå lege. 13 pasientar hadde avtale om brukarsstyrt plass i 2020. Det var 13 brukarstyrte innleggningar.

## Brukarutval

Voss DPS har brukarutval der 2 brukarar er faste medlem. I tillegg vert pasientar ved døgnavdelinga inviterte med på møta. 2 tilsette er medlem. Utvalet tek opp saker som gjeld tilbodet ved Voss DPS og kjem med forslag til endringar og

forbetringar. Utvalet fungerer som eit rådgjevande organ for Voss DPS. Det var 3 møter i Brukarutvalet i 2020.

## Kvalitet

Voss DPS har fokus på kvalitet i tenestene og skal levera på gjeldande kvalitetsindikatorar. Det vert arbeidd kontinuerleg med kvalitsforbetring, og me har gode system som tek hand om rapportering og oppfølging av avvik. Voss DPS har Kvalitets- og pasientsikkerheitsutval (KPU) som ledd i kvalitetskontrollen. Det var 4 møter i KPU i 2020.

Det vart i 2020 registrert til saman 111 avvik og 15 forbetningsmeldingar ved Voss DPS.

## Helse- miljø og sikkerheit

Vernetenesta ved Voss DPS har 3 verneombod. *Terje Gjernes* er hovudverneombod. AMU hadde 4 møter i 2020.

Bedriftshelse1 deltek på møta i AMU. Det er utarbeidd eigen årsmelding for AMU-arbeidet.

## Studentar i praksis

I vårsemesteret var ein sosionomstudent og to sjukepleiarstudentar i praksis fram til mars og utbrot av pandemien. Planlagt praksis for ein medisinstudent og ein sjukepleiarstudent utgjekk i vår av same grunn. I haustsemesteret har me hatt to sjukepleiarstudentar i praksis ved døgnavdelinga, og to medisinstudentar har hatt praksis i døgnavdelinga og på poliklinikken.

## Tilsettingar

I 2020 tilsette me ny avdelingsleiar for poliklinikkanne, *Cathrine Stue Børhaug*. Overlege *Bjørg Synnøve Aasan* vart teamleiar for allmennpsykiatrisk poliklinikk.

Nye psykologar: *Marte Monsen, Nora Elise Hammer, Karoline Haugsdal, Ingrid Rene*

Nye leger i spesialisering (LIS3): *Andreas Dulsrød, Gry Omland, Anne-Grethe Holm*. I tillegg til lege *Erik Svenningsen*

Sosionom *Kristine Kjerland* vart tilsett i et langtids vikariat. Ny sekretær, *Jorunn Hommedal*, vart tilsett i vikariat.

## Poliklinikkanne


Avdelingsleiar: *Cathrine Stue Børhaug*, frå 30. mars 2020.

Avdelinga har 2 seksjonar: Allmennpsykiatrisk poliklinikk med gruppeteam og Rehabiliteringspoliklinikken. Desse har kvar sin teamleiar, høvesvis *Bjørg Synnøve Aasan* og *Sigrid Denver*. Tidlegare var gruppepoliklinikken eigen seksjon, men er no innlemma i allmennpoliklinikken. Overlege *Synnøve Klette* er koordinator for gruppeteamet.

Avdelinga har ei tverrfagleg samansettning av lege, psykolog, ergoterapeut, klinisk sosionom, sjukepleiar og vernepleiar, alle med ulike vidareutdanninger.

Ny avdelingsleiar på poliklinikkanne, Cathrine Stue Børhaug





Videokonsultasjon (Illustrasjonsfoto)

## Døgnavdeling

Døgnavdelinga er ei allmennpsykiatrisk avdeling med 12 senger. Behandlingstilbod er kartlegging /diagnostisering, medisin-vurdering, korte stabiliseringssopphald, miljøterapi og individuell terapi. Behandlinga er individuelt tilpassa. Det vert jobba med å laga målretta og gode behandlingsplanar i tett samarbeid med pasienten.

## Diverse

### Covid-19

12. mars 2020 innførte myndighetene dei mest inngripande tiltak Norge har innført i fredstid. Pandemien var eit faktum og vart også ein aktuell problemstilling for Voss DPS. Vi har etablert eit godt samarbeid med Helse Bergen, lokalt gjennom Voss Sjukehus og regionalt gjennom Divisjon psykisk helse. Samarbeidet har omhandla beredskap, opplæring, utstyr m.m.

Som informasjonskanaler har me nytta nyhetsbrev, intranett, internett, sms, personalmøter og allmøter. Me har hatt utstrekkt bruk av video- og telefonkonsultasjonar.

### ODA

16. november 2020 innførte Voss DPS ny versjon av pasient-journalsystemet DIPS, no kalla DIPS Arena.

Totalt 67 tilsette skulle i forkant gjennom opplæring. Grunna koronapandemien vart all opplæring over Skype i tillegg til lokal superbrukar frå DPS som deltok med ekstra støtte. Totalt 12 kurs vart arrangert, og møterom vart laga om til opplæringslokale, med omsyn til koronarestriksjonar. 100% gjennomførte opplæringa.

Implementeringa vart gjort i godt samarbeid med Helse Bergen og Helse Vest IKT.

I etterkant av innføring av nytt system, har dei tilsette meldt tilbake at dei synest programmet gjev meir oversikt, har betre arbeidsflate og er meir brukarvenleg.

### IPS

IPS er eit tilbod som har som mål å skaffa ordinært arbeid for pasientar som ynskjer å koma ut i arbeidslivet. Prosjektet er eit samarbeid mellom Voss DPS, Nav Voss og Nav Kvam. Me fekk støtte til prosjektet hjå Helsedirektoratet, i 2019, men oppstart vart utsett til 2020. Prosjektet går over 3 år med mål om å vera eit fullverdig integrert tilbod etter endt prosjektpериode.

## Pakkeforløp

Pakkeforløp psykisk helse og rus skal bidra til meir samanhengande tenester for pasientane. Voss DPS jobbar framleis med implementering og justering av pakkeforløp.

## Styret ved Voss DPS NKS Bjørkeli AS, etter generalforsamling, 04.06.2019

Ragnhild Skjerveggen (styreleiar)

Olaug Borge (nestleiar/styremedlem)

Bjørg Wiers (styremedlem)

Marianne Bergtun (styremedlem)

Annbjørg Laupsa (styremedlem)

Erling Steine Larsen (styremedlem, valt av dei tilsette)

Andrea Weme (styremedlem, valt av dei tilsette)

Silje Svartveit (observator, valt av brukerutvalet)

Det var 4 styremøter i 2020.

Voss DPS NKS Bjørkeli, 20. mai 2021

Frédéric Larsen

Direktør



Opplæring i nytt journalsystem



Generalprøve til årets jolelunsj

## Resultatrekneskap

|                            | 2020              | 2019              |
|----------------------------|-------------------|-------------------|
| Driftstilskot Helse Vest   | 68 477 000        | 65 445 998        |
| Andre inntekter/refusjonar | 7 227 942         | 4 663 720         |
| <b>Sum driftsinntekter</b> | <b>75 704 942</b> | <b>70 109 718</b> |
|                            |                   |                   |
| Pasientkostnader           | 3 630 379         | 1 439 279         |
| Lønskostnader m.m.         | 60 687 759        | 56 440 012        |
| Avskriving på driftsmidlar | 2 813 342         | 2 788 999         |
| Andre driftskostnader      | 5 462 260         | 5 401 466         |
| <b>Sum driftskostnader</b> | <b>72 593 740</b> | <b>66 069 756</b> |
|                            |                   |                   |
| Driftsresultat             | 3 111 202         | 4 039 962         |
| Resultat finanspostar      | 1 521 423         | 1 707 452         |
| <b>Årsresultat</b>         | <b>1 589 779</b>  | <b>2 332 510</b>  |



**Voss DPS  
NKS Bjørkeli**

Voss DPS NKS Bjørkeli  
Bjørkelivegen 27, 5705 Voss  
Telefon 56 51 40 00  
post@bjorkeli.no / www.bjorkeli.no  
org.nr. 916 270 097